

Plassreservasjon på Sunnhordlandsruta - spørsmål frå Arve Helle

Representanten **Arve Helle** (A) har stilt slikt spørsmål:

Eg har fått tilbakemeldingar frå fleire reisande med Sunnhordalandsruta om at det stadig er fulle avgangar frå Bergen fredag ettermiddag. Reisande opplever difor eit lite føreseieleg tilbod. Det er særleg utfordrande for pendlarar som må møte opp tidleg før avgang i Bergen for å vere sikra plass og reisande som har behov for påstigning på Flesland kai og seinare.

Det er så vidt eg har forstått etablert ei varslingssteneste fra Norled, men informasjonen frå den kjem etter sigande for seint til å endre reiserute. Eit alternativ for å løyse dette er sjølvstakt å auke kapasiteten på ruta, men hadde det vore mogeleg å sjå på løysingar for plassreservasjon for å skape eit meir føreseieleg tilbod?

Svar frå påtroppande fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

Skyss har vurdert at det er trong for plassreservasjon på båttilbodet til Austevoll/Sunnhordland og har jobba med å finne løysingar på dette gjennom to ulike tilnærmingar:

1. Utvikling av ein mobilbasert bookingløysning med plassreservasjon. Denne løysinga er utreda saman med dei andre kollektivselskapa som inngår i offentleg-offentleg samarbeid om billett-app. Arbeidet er no lagt på is då det berre var Skyss, Troms fylkestrafikk og Kolumbus i Rogaland som hadde trong for ei slik løysing. Utviklingskostnadane måtte då delast av desse tre, og kostnadsoverslaga var for høge.

2. Samarbeid med Norled
I perioden 2013 til juli 2016 hadde Skyss ein avtale med Norled om sal av billetter via Norleds sitt bookingsystem. I tillegg var det avtale om leige av kundesentertjenester slik at Norled kunne handtere eventuelle avbestillingar og billettrefusjonar. Avtalene vart sagt opp i 2016 grunna at tal bestillingar som kom inn via bookingsystemet var svært lågt. Samstundes var ingen avgangar den gong utselde.

Skyss har sendt ein førespurnad til Norled om bruk av deira bookingløysning på avgangar frå Strandkaien torsdag og fredag ettermiddagar. Tilbakemeldinga frå Norled er positiv. Dei kan tilby Skyss løysninga slik at kundar på desse avgangane kan reservere plass. Leverandøren av løysninga har imidlertid signalisert at dei ikkje vil kunne ferdigstille tilpassingane som må til før Q1 2020.